

Til våre produsentar.

13.08.2013

Det nærmar seg ein ny frukt sesong og mengdene i år ser ut til å verta lik fjoråret for Sognefrukt totalt. For plommer ser det ut til å verta bra av alle sortar. Tilbakemeldingar vi har fått er at Mallard og Reeves er det litt ujamne i enkelte hagar, men totalt sett blir mengdene bra. Det som er gledeleg i år er at det ser ut til at vi vil få meir av plommer totalt i landet mot dei siste åra. Bama har sagt at dei ynskjer meir plommer men det har vore noko som har slege feil kvart år. På eple ser det og ut til å bli eit bra år – mykje likt fjoråret. Vi har fått tilbakemeldingar på at det er litt sopp i enkelte hagar og det er spesielt Summered som er utsett der. Med torebyger og høg temperatur er det vanskeleg med soppen viss ein fyrst har smitte i hagen.

Sprøyteskjema: For alle kulturar skal fruktlageret ha inn sprøyteskjema frå alle dyrkarar i utfylt stand etter at sprøytinga er avslutta. De kan nytta fruktclienten til registrering av dette arbeidet eller de fører det på skjema de får hjå oss.

Viss de ikkje har skjema so kontakt fruktlageret snarast.

Bringebær:

Konsumbær skal i år leverast i 300g korg og 12 korgar pr. kasse.

Industribæra skal i år frysast inn i Lærdal. Sognefrukt har inngått avtale med Lærdal Grønt om tapping og innfrysing der. Mottaket vert på Sognefrukt, men på oppsida der plommemottaket er. Prisen på industribæra er 30,85 kr pr kg med frådrag av omkostningar til mottak, frakt og pakking. Truleg ca 5,50- kr pr kg.

Pass på at stilkar, hamsar, blad, og veps ikkje kjem i bøtte / container. Vi kan få kontroll på lager og ute i felta. So ver nøyen slik at vi kan unngå reklamasjonar.

I regnvêr har mange eit stort problem med boasniglar i hagane, her må de passa på å ha lokk på containaren, og containaren skal ikkje vera i kontakt med bakken.

Ein snigel i bæra kan få alvorlege konsekvensar.

Veten og Glenn Ampel skal leverast i kvar sin container.

Opningstider for levering av bær:

Kvardagar frå kl 07.30 – 15.30. Levering utanom opningstider må avtalast særskilt med fruktlageret.

Moreller:

Moreller skal i år som i fjor **ikkje** pakkast heime. Dei skal leverast til Sognefrukt i lausvekt og hausteemballasje vert ordna. Sortering og pakking vil skje på Lærdal Grønt sitt anlegg. I avtalen med LG held dei egna hausteemballasje. Dei kan de tinga i fruktprogrammet eller ved å ringja lageret. Ver nøyen med kvaliteten som vert levert.

Sognefrukt leiger transport til Lærdal og det vert ikkje høve til å levera direkte på bilen.

Morellene skal inn på kjøll og leverast samla frå Sognefrukt.

Plommer:

Plommer skal leverast i lausvekt til lageret i Ifco 6413 kasse. Det er same kasse som tidligare. Ca 12 kg pr kasse og ikkje så fulle at det vert klemskade. Alle minstestørrelsane står på

etiketten med unntak av Opal. Der er minstestørrelse endra til 37mm (står 38 mm på gamle etikettar.) Nytt i år er at vi tek imot Opal i str. 35 – 37 mm. Desse plommene vil bli pakka i lausvekt 5 kg kassar og til ein redusert pris.

Me kjem til og køyra ut hausteemballasje som tidligare. Hausteemballasjen må tingast snarast gjennom fruktprogrammet eller ved å kontakta lageret.

Pass på og hausta plommene i rett modningsgrad.

I plommesesongen vil det vera utvida opningstider.

Laurdag frå 14.30 – 15.30

Kvardagar frå 19.30 – 20.00 etter avtale. (må gi beskjed innan kl 15.00)

Det vil også verta oppretta køyrerute på kveldstid. Den startar frå lageret kl 19.00. Innmelding for kveldsrute innan kl 15.00 same dag. Innmelding for dagruta so tidleg som mulig og seinast innan kl 10.00.

Til produsentar i Balestrand har me avtale med lageret om at de set plommene inn på kjøll slik me hadde det i fjor. Me hentar kvar morgon. Det som vert sett inn der må også innmeldast til lageret, slik at me veit kor mykje som skal hentast. Kvar levering må setjast samla på ein pall og berre ein sort på pallen.

Emballasje blir køyrt direkte ut til Dykk.

Det kvite fylggebrevet legg de i mappa utanfor kjølerommet, og den gule kan de leggja i den kassen som står øvst på pallen. Hugs at fylggebrevnummeret skal skrivast på kvar kassetikett.

Pærer:

Det ser ut til å bli middels store avlingar av pærer dette året.

Alle pærer i år blir sortert på lageret. Dei minste pærene vil verta pakka i korg og dei største i 2-lags brett.

Epler:

Det ser ut til at vi får bra avlingar på dei fleste eplesortane i år også. Sorteringane vert som i fjor. På tidlegeple vert 60/65 pakka i korg og større i 2-lags brett. På seine sortar skal dei minste epla pakkast i 1 kg posar. Største epla skal pakkast i brett. Discovery, Summerred, Raud Gravenstein og Raud Aroma skal og pakkast i 6 pack og 8 pack. 8 pack er nytt i år og det er eple mellom 65-70 som skal pakkast i dei. For Kronprins vil alt verta pakka i pose.

Fruktlageret set som krav at det blir sprøytt mot kjølelagersopp på sortar som skal langtidslagrast. (Aroma / Raud Aroma).

Det blir same innleveringsboka som de hadde i fjor. Ved utfylling av følgjebrev skal det berre vera ein sort pr. følgjebrev.

I all innmelding skal det no oppgivast leveringsnummer. Det betyr i praksis at fylggebrevet må utfyllast før partiet vert meldt inn. I tillegg må vi ha god merking av alle kassar.

For plommekassar skal leveringsnummer skrivast på etikettane på alle kassar. Dette for å effektivisera vårt arbeid ved flowpakking.

For eple og pære skal alle kassar vera merka med eit A4 ark lagt i plast oppi kassen. Det skal innehalda produsentnummer/ namn, sort, dato, leveringsnummer og atal kassar på dette leveringsnummer. Dei som melder inn via fruktprogrammet kan skriva ut merkelappane der, og vil då få eit ark for kvar kasse som er innmeldt. For dei som ikkje har høve til å skriva ut vil vi kopiera opp ark som de kan få utlevert ved å kontakta sjåfør ved levering.

Dette året har vi hatt ein felles aksjon i Leikanger for å rydda vekk boasnegelen. Mindre er det vorte men pass likevel på og ikkje setja kassar rett på bakken. Vi kan då unngå at sniglar blir sitjande/kryp opp i kassane. Det er ikkje noko kjekt viss vi får dette inn på huset. I vått ver kan vi unngå mykje skit som heng seg fast i kassane viss de ikkje set containeren heilt i bakken. Alt som legg seg under containeren vil koma opp i ein annan container under stabling og resten vil koma opp i karet med vatn under pakking. Det blir strengare krav til hygiene og ved slike små tiltak kan vi unngå noko av dette.

Lukka til med frukthausten og so håpar vi på godt ver framover.
Ta kontakt med lageret om noko er uklårt.

Helsing oss tilsette ved fruktlageret.